

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Innkalling til møte i Kontrollutval - Hornindal kommune

Utval: Kontrollutval - Hornindal kommune
Møtedato: 03.02.2012
Møtetid: 11.00
Stad: Møterommet 2. etg.
Møtenr.: 1/2012

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, rådmannen i sak 05/12

Melding til: Ordførar(møterett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
002/12: Skriv og meldingar.
003/12: Møteplan for kontrollutval i Hornindal 2012
004/12: Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal
005/12: Orientering – Investeringsprosjekt.
006/12: Oppfølgingsliste 1-2012 Hornindal.
007/12: Eventuelt.

Hornindal 25.12.2012

Ola Are Ytrehorn (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM - sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.02.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.02.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-12: Vedtak kommunestyresak 132/11 Val til styremedlem til SEKOM-sekretariat 2011- 2015.
- SM 02-12: Vedtak kommunestyresak 119/11 Val av representant til samstyret for kommunerevisjonen i Nordfjord 2012 – 2015.
- SM 03-12: E-post frå NKRF – «Ugildhet for medlem av styre, organisert etter § 27 utan å være juridisk person», datert 3. januar 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 01-12



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kommunestyret	15.12.2011	132/11	LOY

Saksansvarleg: Liv Oddrun Ytrebø	Arkiv: 033 Objekt:	Arkivsaknr.: 10/785 - 94
----------------------------------	-----------------------	-----------------------------

Val til styremedlem til SEKOM-sekretariatet 2012-2015

Sakstfang / Lover / Plandokument

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

Samandrag

- Framlegg frå valnemnda datert 5.12.2011

Fakta

Kommunestyret skal syte for at kontrollutvalet til ei kvar tid har tilfredsstillande sekretærbistand, jfr. kommunelova § 77 nr. 10 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20.

Sekretariatet for kontrollutvalet har ansvar for at sakene som vert lagde fram for utvalet er tilstrekkeleg utgreidde. Sekretariatet står elles føre innkalling til møte og har ansvar for å effektivere vedtaka til kontrollutvalet. Sekretariatet har også arkivansvar for kontrollutvalet sine dokument

Hornindal kommune er frå 1.09.2010 med i eit samarbeid om sekretariattenesta for kontrollutvala med kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Eid, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Sekretariattenesta for kontrollutvalet vert utført av SEKOM-sekretariat. SEKOM-sekretariat er organisert etter § 27 i kommunelova. Selskapet vart etablert 1.01.2005, er lokalisert i Førde kommune og har to tilsette.

Frå 01.09.2010 og ut denne valperioden har desse vore valde:

Medlem:
Ola Are Ytrehorn

Varamedlem:
Samuel Lien

Samuel Lien har takka nei til attval for ein ny periode.

VALNEMNDA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Medlem:

Jon Åge Torheim

Varamedlem:

Elsa E. Raftevold

Frank Westad /s.

- rådmann -

15.12.2011 KOMMUNESTYRET

KS-132/11 VEDTAK:

Samr.: Valnemda sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Kopi til:

Elsa E. Raftevold
Jon Åge Torheim
SEKOM-sekretariat

Raftevold
Tomasgard
Postboks 338

6763	HORNINDAL
6763	HORNINDAL
6800	FØRDE

Hornindal, den 04.01.2012

Anne Elin Ekornesvåg

- Sekretær -

SM 02-12



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Kommunestyret	15.12.2011	119/11	LOY

Saksansvarleg: Liv Oddrun Ytrebø	Arkiv: 033	Arkivsaknr.:
	Objekt:	10/785 - 76

Val av representant til samstyret for kommunerevisjonen i Nordfjord 2012-2015

Sakstilfang / Lover / Plandokument

- Framlegg frå valnemnda, date

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

- rt 21.11.2011

Fakta

Jfr. Instruks for Samstyret for Nordfjord revisjonsdistrikt skal kvar av kommunane Eid, Stryn, Hornindal, Selje, Gloppen og Vågsøy velje eit medlem og eit varamedlem til fellesstyret.

For perioden 2007-2011 er desse valde:

Medlemmar:
Ola Are Ytrehorn

Varamedlem:
Wenche Elvegård

Ingen har sagt frå seg attval

VALNEMNDA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Medlemmar:
Ola Are Ytrehorn

Varamedlem:
Wenche Elvegård

Frank Westad /s.
- rådmann -

15.12.2011 KOMMUNESTYRET

KS-119/11 VEDTAK:

Samr.: Valnemda sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Kopi til:

Markvard Sunde
Ola Are Ytrehorn
Wenche Elvegård

Boks 49
Ytrehorn

6783	STRYN
6761	HORNINDAL
6763	HORNINDAL

Hornindal, den 03.01.2012

Anne Elin Ekornesvåg
- Sekretær -

SSKS v/Jostein Støylen

Fra: Ole Kristian Rogndokken [ole.kristian.rogndokken@nkrf.no] på vegne av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) [post@nkrf.no]
Sendt: 3. januar 2012 10:46
Til: SSKS v/Jostein Støylen
Emne: SV: REVISJONSSTYREMEDLEMMER

Ugildhet for medlem av styre, organisert etter § 27 uten å være juridisk person

Vi viser til Deres e-post 23. desember 2011, der De spør om medlem av styret for en interkommunal revisjon, organisert etter kommuneloven § 27 uten å være egen juridisk person (eget rettssubjekt), vil være ugild til å behandle saker fra revisjonen i egenskap av medlem av kontrollutvalget i en kommune som deltar i dette samarbeidet.

Som De nevner, har vi i *Kommunerevisoren nr. 5 for 2011* omtalt endringa i forvaltningsloven § 6 første ledd e) som er satt i verk med virkning fra 1. november 2011. Denne endringa gjelder bare for medlemmer av styret for juridiske personer som har partsstatus. Vi sier i artikkelen at vi anser at ofte vil medlemmer av et styre for en interkommunal revisjon som er organisert som juridisk person, være ugilde etter denne bestemmelsen til å behandle saker fra revisjonen i egenskap av å være medlem av kontrollutvalget i en medlemskommune.

Hva så når samarbeidet ikke er organisert som egen juridisk person? Dette spørsmålet er ikke behandlet i artikkelen. Slik organisert vil styret ikke kunne inngå avtaler på vegne av revisjonen eller i det hele tatt være part i en sak. Det er jo nettopp dette som utgjør forskjellen mellom juridisk person og ikke juridisk person. Så når et slikt styre ikke kan være part, vil det enkelte styremedlem ikke kunne være ugild etter § 6 første ledd e).

Men et slikt styremedlem kan være ugild likevel. Hvis en folkevalgt ikke er ugild etter de "automatisk virkende" regler i første ledd, skal man gå videre og vurdere om vedkommende er ugild etter de "skjønnsmessige" regler i paragrafens andre ledd, der det bl.a. heter: "*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet ...*". Vi mener at de samme reelle grunner som fører til at medlem av styret for en revisjon som er organisert som egen juridisk person, anses som ugild, også gjelder for medlem av styret for en revisjon som ikke er organisert som juridisk person. Vi tenker her på at revisjonen etter bestilling leverer arbeider som kontinuerlig vurderes av oppdragsgiver. Vår vurdering går derfor ut på at også i slike tilfeller vil vedkommende som hovedregel være ugild til, som medlem av kontrollutvalget i en medlemskommune, å behandle saker fra revisjonen; men altså etter paragrafens andre ledd i stedet for første. Med tanke på en eventuell overprøving, er det viktig at man passer på å protokollere nøyaktig etter hvilken bestemmelse en ugildhetsvurdering er gjort.

Mvh
 Bernt Frydenberg
 juridisk rådgiver



Norges Kommunerevisorforbund
 Postadresse: Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo
 Besøksadresse: Munkedamsveien 3 B, 3. etasje, 0161 Oslo
 Telefon: 23 23 97 00
 E-post: post@nkrf.no
 Org. nr : 975 450 694 MVA

www.nkrf.no

003/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL 2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 17.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.02.2011	003/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Hornindal for 2012 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I HORNINDAL 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Hornindal for 2012.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøtet. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL HORNINGDAL KOMMUNE 2012

MANAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		2.			30.				6.		27.	
FORMANSKAP												
KOMMUNESTYRE	26.		1./29.		3.	14.						

004/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I HORNINDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.02.2012	004/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Hornindal kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Hornindal kommunestyre

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Hornindal kommune har i år 2011 vore samansett slik:

01.01.2011 – 20.10.2012

Medlemer:

Ola Are Ytrehorn (leiar)

Amund Sverre Tomasgard (nestleiar)

Torild Flo Kroken

Varamedlemer:

Bjørn Gunnar Navelsaker

Samuel Lien

Bjarne Jarle Øen

Frå 20.10.2011

Ola Are Ytrehorn

Siv Kristensen

Kjetil Grodås

Varamedlemer:

Elsa Eilertsen Raftvoll

Rolf Jostein Taraldset

Robert Grodås

Øyvind Seljeset

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Hornindal hatt fire møte der det er handsama i alt 26 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2011 forvaltningsrevisjonsprosjektet: "Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet". Rapport for prosjektet vart levert i november og rapporten vart oversendt til kommunestyret for handsaming.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Det vart lagt fram oversikt over endelege prosjektrekneskapar for prosjekt i Hornindal kommune i kontrollutvalsmøtet. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje fråsegn til sluttrapporten.

Kontrollutvalet tinga i 2010 eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Dette var eit samarbeidsprosjekt med dei andre eigarkommunane i Sunnfjord, Nordfjord og Ytre Sogn. Kontrollen vart gjennomført av SEKOM-sekretariat. Rapporten vart sendt over til kommunestyret for handsaming den 6.juni.2011.

Kontrollutvalet har også ved høve kalla inn administrasjonen for å orientere om saker. Såleis har administrasjonen vore i kontrollutvalet og orientert om investeringsprosjekt i Hornindal kommune.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2012. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Kontrollutvalet sendte innspel frå Forum for Kontroll og Tilsyn til kommunen vedrørende val av kontrollutval i førekant av valet.

Kontrollutvalet vedtok at dei har som intensjon at faste medlemar i kontrollutvalet skal delta på kontrollutvalsopplæring på Skei den 23.01.2012.

I møtet den 24.11.2011 tinga kontrollutvalet overordna analyse som grunnlag for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015 frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama årsrekneskapen 2010 for Hornindal kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følge med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Hornindal den 03. februar 2012

Ola Are Ytrehorn
Leiar

Siv Kristiansen

Rolf Jostein Taraldset

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

005/11 ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.02.2012	005/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Hornindal kommune om orientering investeringsprosjekt kontrollutvalet, datert 30.09.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 012/10.
- Kontrollutvalssak 015/10.
- Brev frå kontrollutvalet til Hornindal kommune om «orientering investeringsprosjekt - kontrollutvalet», datert 14.07.2011.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering ved rådmannen om investeringsprosjekt under arbeid.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 012/10 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" i kontrollutvalsmøte 25.11.2010 tok kontrollutvalet opp sak om tiltak i kontrollutvalsarbeidet. Kontrollutvalet gjorde bl.a. følgjande vedtak i saka.

- Kontrollutvalet vil kvart år i august/september ha orientering frå administrasjonen om status på investeringsprosjekt under arbeid.

Administrasjonen er orientert om vedtaket i brev 26.11.2010.

I sak 015/11 «Orientering investeringsprosjekt» den 29.09.2011 orienterte administrasjonen om investeringsprosjekt under arbeid. I orienteringa kom det fram at enkelte prosjekt manglar vedtak om finansiering og / eller avtaler med grunneigarar. Administrasjonen opplyste at dei vil ta tak i dei aktuelle investeringsprosjekta, slik at desse skal bli fullførde i samsvar med kommunestyrevedtak og aktuelle regelverk. Det vart gjort fylgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert.*
- *Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørande avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk.*
- *Kontrollutvalet vil følgje opp saka i første møtet i 2012.*

30.09.2011 er det sendt brev til Hornindal kommune der vi ber administrasjonen førebu ei ny orientering om investeringsprosjekt under arbeid til første kontrollutvalsmøte i 2012.

Rådmannen er kalla inn til møtet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Hornindal kommune

6761 HORNINDAL

Førde, 30.09.2011

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 394/11

Arkiv: Hornindal

INVESTERINGSPROSJEKT – OPPFØLGING AV PROSJEKT


I kontrollutvalsmøte 29.09.2011 i sak 015/11 "Orientering investeringsprosjekt" orienterte administrasjonen v/økonomisjef og rådmann om investeringsprosjekt under arbeid. I orienteringa kom det fram at enkelte prosjekt manglar vedtak om finansiering og /eller avtalar med grunneigarar. Administrasjonen opplyste at dei vil ta tak i dei aktuelle investeringsprosjekta, slik at desse kan bli fullførde i samsvar med kommunestyrevedtak og aktuelt regelverk.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- *Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert.*
- *Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørende avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk.*
- *Kontrollutvalet vil følgje opp saka i første møtet i 2012.*

Kontrollutvalet vil be om ei ny orientering i saka i første møtet i 2012. Dato for dette møtet er enno ikkje sett.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit
-rådgjevar-

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

006/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - HORNINDAL

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 24.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03..02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Hornindal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 24. januar 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2012 - Hornindal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
09/10 Skriv og meldingar.	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – KU ber kst gjere vedtak i sak 08-2007 frå Alarmsentralen. 13.12.10: Brev til Hornindal kommune.
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
04/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet.	04.02.11	Frist 01.11.11.	04.02.11: Vedtak KU. 26.04.11: Bestilling sendt til KIN.
15/11 Orientering investeringsprosjekt	29.09.11		29.09.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert. - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørende avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk. - Kontrollutvalet vil følgje opp saka i første møtet i 2012.
16/11 Budsjett drift av kontrollutvalet 2012	29.09.11		29.09.11 Vedtak KU: Budsjett vedteke 30.09.11 Vedtak sendt over til KS.
18/11 Eventuelt.	29.09.11		29.09.11 Det vart teke oppeiga sak om prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt : ”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune.” Sjå sak20/11
20/11 ”Forvaltningsrevisjonsprosjekt : ”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet – Hornindal kommune.”	29.09.11		29.11.11 Vedtak KU: Kontrollutvalet tek orienteringa til revisor rundt prosjektet til vitande. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen med dei kriterium som kjem fram i dokumentet ”Notat til møte i kontrollutvalet 29.09.2011”. Sjå sak 23/11
021/11 Skriv og meldingar	24.11		24.11 Vedtak i KU: Skriv og melding teken til vitande.
022/11 Opplæring	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kontrollutvalet har som intensjon at faste medlemmer og varamedlemmer skal delta på kontrollutvalsopplæringa som vert halden på Skei 23. januar 2012. 25.11 Sendt påmelding til KRYSS revisjon
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport –”Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til KS
024/11 Overordna analyse	24.11		24.11 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tingar overordna analyse frå kommunerevisjonen i Nordfjord.

24/11 Oppfølgingsliste 4-2011 Hornindal	24.11		24.11 Vedtak i KU: 11 Oppfølgingsliste 4-2011 Hornindal vert teken til vitande.
25/11 Eventuelt	24.11		24.11 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker.
	24.11		

Oppdatert 24.01.12.

007/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 24.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.02.2012	026/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.